

SOM BELLMAN ELLER TAUBE

Eg sit her med gitaren
som ein Bellman eller Taube
og strevar med ei linje,
Kva rimar på ”garderåb”?
så prøver eg med ”klesskap”
men det ”rimar inte alls”?
og songen går i firtakt
men han skulle vore vals
og sjølv har eg ein heller stubben hals
Gitarens hals er lengre
og eg stryk han mildt og vart
ser kroppen rund og hoftebrei
med strengar som kling klart
ut av gitarens navle
djupt i gitarens kropp
fann eg att melodien eg gav opp

Vel, det var melodien
men no manglar eg eit vers
som kan knyte saman songen
med ein svimlande travers
Ei gangbru mellom toppane
av bilderike rim
av flotte metaforar
som kjem symjande i stim
og kanskje gjere songen reint sublim
Så kjem vi til refrenget
Og problemet det er då:
Skal vi bruke oppatt teksten
eller skal vi finne på
ein artig vri og sløse
sjølv om gjenbruk er så inn?
Vi bruker alt, så blir det mindre svinn.

Så var det siste strofa
og eg er ikkje i tvil
Har eg berre kome så langt
gjennomfører eg med stil
som ein Dylan eller Cohen
for teksten blir så djup
at skal du skimte botnen
må du ta eit dristig stup
med eleganse frå ein fjellbratt nup
Ja, dette blir nok songen
som kan forandre alt
for dei som sit og lyttar
og som slit i traudig tralt
Ein song som kan gi retning
for liv som stoppa opp
så no fortener eg ein kaffikopp!